



Merknad til søknad om akvakultur på Lokkvi

Vi i Naturvernforbundet i Ørsta og Volda har to merknader til søknaden om oppdrett av torsk på Lokkvi frå selskapet Ode:

- 1) Risiko for genetisk påverknad på villtorsk
- 2) Kunnskapsgrunnlaget er mangelfult

Vi vil råde kommunen til å seie nei til alle torskeoppdrettsøknader. Lat oss utdjupe dette med følgjande.

1) Risiko for påverknad på villtorsk

Det er stor risiko for genetisk påverknad på villtorsk gjennom gyting i merd og rømming. Her er tilrådingane frå Havforskningsinstituttet tydeleg: ein bør ikkje gå for fort fram med torskeoppdrett ettersom den ville kysttorsken er svekka og skada frå før. I indre fjordsystem (som t.d. Grevsneset og Lokkvi) er det mykje kysttorsk, og her bør ein vere svært varsam med å tillate torskeoppdrett (Havforskningsinstituttet, 2019). I tillegg har Ode inne ein søknad på lokaliteten Støylen (rett over fjorden for Lokkvi). Havforskningsinstituttet framhevar to faktorar som er uheldig i høve oppdrett av torsk; når dei vert lokalisert inne i fjordarmar og når det er kort veg til andre torskeanlegg. Begge desse to faktorane er til stades om Støylen og Lokkvi får konsesjon.

Den store rømminga på lokaliteten Alida (også eigd av Ode) i 2022 er framleis ikkje ferdig konsekvensvurdert av Havforskningsinstituttet. Det bør ikkje gjevast løyve til nye torskeoppdrettsanlegg før konsekvensane av den førre rømminga er kartlagt. I verste tilfelle kan dei lokale torskestamma verte øydelagde.

2) Kunnskapsgrunnlaget er mangelfult

I gjeldande arealplan (Konsekvensutgreiing - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vedtatt 07.07.21, s. 202) står det at området Greifsneset ikkje har spesiell verdi for naturmangfald og naturmiljø. Dette stemmer ikkje sidan fleire raudlistearter, t.d. blålange, er registrerte i området. Kunnskapsgrunnlaget for denne arealplanen er frå før årtusenskiftet og er ikkje oppdatert i høve til potensiell torskeoppdrett. Arealet er sett av til akvakultur, men kommunen kan når som helst i planperioden endre planverket. Dette bør skje når ny kunnskap ligg til grunn, når nye utfordringar (oppdrettstorsk) kjem opp, og når uønska konsekvensar frå liknande tiltak (Alida) ligg føre. Kommunen har til ei kvar tid ansvar for å ta vare på areal, miljø og naturmangfald. No må Havforskningsinstituttet sine siste rapportar leggest til grunn.

Kilspollen manglar også denne gongen i oversynet over oppvekstområde for kysttorsk innanfor tomilsradiusen. Både i Kilspollen og ved Bjørneset (Kilsfjorden) er det registert ålegrasenger som er viktige oppveksområde for kysttorsk og andre artar. Dette er ein viktig mangel i søknaden.

Kunnskapar som lokale fiskarar, grunneigararar og naboar har formidla må også vege tungt. I denne saka ser vi eit sterkt lokalt engasjement. Naturmangfaldslova (§8) legg vekt på erfaringsbasert og lokal kunnskap. Frå Klima og miljødepartementet sin vegleiar til lova siterer vi frå kapittel 6.2.1.: *Det kan for eksempel være lokal kunnskap om naturmangfoldet i en fjord, etablert ved generasjoners observasjoner og bruk av fjorden. Det kan dreie seg om kunnskap om arters tilholdssted, gyteplasser, vandringer, adferd, hvordan arten virker sammen med andre arter og hvordan de påvirkes av vær og*

--	--	--



klima. Slik kunnskap kan blant annet være relevant når man vurderer etablering av oppdrettsanlegg i en fjord.

Volda kommune må heller ikkje overlate ansvaret for areal- og naturforvaltning til næringsavdelinga i Fylkeskommunen. Saka bør handsamast politisk, slik vi har sett at liknande saker har vore handsama i andre kommunar i fylket. Vi har sett at søknader frå Ode (tidlegare Gadus) har vore svært ulikt handsama på kommunalt nivå i Møre og Romsdal. Volda kommune bør sjå til handsaminga som Sunndal, Ålesund, Gjemnes og Rauma har gjort i liknande Gadus- saker.

Oppsummering

Vi vil råde Volda kommune til å seie nei til søknaden om torskeoppdrett på Lokkvi på grunn av den store risikoen for rømming. Sannsynet for rømming aukar med talet på merder i sjøen og talet på oppdrettsfisk. I tillegg spelar lokaliseringa av torskeanlegga ei viktig rolle for risikobiletet, der indre fjordsystem bør vernast mot oppdrettstorsk på grunn av oppvekstområde for kysttorsk.

Søknaden bør også verte avslått på grunn av manglande kunnskapsgrunnlag. Det trengst kartlegging av gytefelt og oppvekstområde for kysttorsk. Inntil denne kunnskapen ligg føre vil vi tilrå at indre fjordområde vert verna for å redusere risikoen på små og sårbare bestandar av kysttorsk.

Vennleg helsing

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

Referansar:

Konsekvensutgreiing - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vedtatt 07.07.21:

https://www.volda.kommune.no/_f/p39/i61e1e16a-740c-4033-a168-ca2a533b7185/4_konsekvensutgreiing.pdf

Havforskningsinstituttet (2019): Tema: Kysttorsk nord for 62° N:

<https://www.hi.no/hi/temasider/arter/kysttorsk-nord-for-62n>

Havforskningsinstituttet (2022): Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2022 – risikovurdering.

<https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2022-12>

